



MOTTATT

- 2 SEP 2009

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200904952-2/830/LISADL

Dykkar ref.:
09/888-

Bergen, 31. august 2009

Høyring - forslag til forordning om passasjerrettar i vegtransportsektoren

Viser til brev av 02.06.2009 med gjennomgang av Den europeiske kommisjonen sitt forslag til forbrukarettar innan passasjertransport på veg.


I brevet vert det bede om at høyringsinstansane spesielt vurderer eventuelle økonomiske konsekvensar av forslaget sett i lys av gjeldande norske reglar og praksis.

Hovudpunkta i forslaget er:

- 1) Rørslehemma sine rettar.
- 2) Spørsmål om erstatningsansvar.
- 3) Kompensasjon og assistanse i høve der reiser vert avbrotne.

Me har ikkje vurdert departementet sin gjennomgang av gjeldande lovar og reglar sett i høve til forslaget frå kommisjonen, men etter vårt syn ligg forslaget i stor grad innanfor det som vert praktisert i kollektivtrafikken i dag. Dei fleste transportørar har og frivillige reisegarantiordningar som går meir i kunden sin favør enn det som gjeld i dette forslaget.

Rettane til dei rørslehemma innanfor transportsektoren kjem innunder Lov om universell utforming i Noreg. Denne lova gjeld innanfor alle offentlege område, og har fleire detaljar enn høyringsforslaget som her ligg til grunn. I høyringsbrevet er det peikt på at "assistanse ved bussterminalar" for dei rørslehemma er uklårt. Dette er og det punktet som er mest usikkert i høve til økonomiske konsekvensar, og bør difor avklarast nærare.


Rolf Rosenlund
e.f.


Lise Ådlandsvik